

Rammeverk og retningslinjer for met.no-opplæring av observatører i flyvertenesten.

Opplegg tilpassa trong for observasjonsteneste på installasjonar på norsk kontinental sokkel.

Rammeverket er i samsvar med Forskrift om flyvertenesta (BSL G 7-1). I tillegg skal kurset tilfredstilla WMO Guidelines for the education and training of personnel in meteorology.

Generelle føresegner.

Personar som skal utføra meteorologisk observasjonsteneste for luftfarten skal ha gjennomgått grunnleggande opplæring og bestått ein eksamen. I tillegg skal dei gjennomgå periodisk fagleg oppdatering etter fastsette intervall.

Krav til instruktørar.

- Instruktørar skal i hovudsak vera meteorologikonsulentar eller meteorologar.
- Det er ønskeleg med minimum 5 års erfaring i frå observasjonsteneste for dei som skal undervisa i observasjon.
- Instruktørane skal ha vist at dei egner seg for eit pedagogisk opplegg .
- Instruktørane skal godkjennast av ansvarshavande for kurset.

Mål for kurset.

Deltakarar skal etter kurset vera i stand til å:

- Utføra meteorologiske bakke observasjonar for luftfarten, det vil seie; observera og samle inn parameter som skal ende opp i ei meteorologisk melding. Lage meldinga i koda standard format, og sende koda informasjon (METAR/SPECI).
- Overvaka veret : Analysere observasjonen i det lokale området og vera i posisjon til å identifisera signifikante endringar i veret på stasjonen; sjå og forstå dei region-spesifikke verfenomena; vera klar over sannsynlege ver-sekvensar som er forventa på stasjonen.
- Forstå grunnleggande verbriefing og varsel, slik at ein er i stand til å identifisera endringar frå venta ver-framdrift på stasjonen; varsle meteorologisk kontor og eksterne brukarar om observerte endringar i ver innanfor det lokale området.
- Distribuera data og informasjon; spreie meldingar til brukarar; utsteda rutine og ikkje rutine rapportar i samsvar med normal arbeids praksis; svare spørsmål i frå brukarar.

- Vera i stand til å utføra observasjonar om i mørke.
- Vera i stand til å utføra observasjonar i høve til dei spesielle utfordringar på sokkelen.

Grunnleggande opplæring.

Opplæring av observatørar i flyvertenesta består av to hovudbolkar; 28 timer med teoretisk opplæring, og 28 timer med praktisk observasjons opplæring.

Eksamen gjennomføres med ein prøve. Prøven skal bestå av minst 30 spørsmål med minimum 75% rette svar for å bestå prøven. Det vil vera mogleg å ta prøven om igjen opp til 2 gonger.

(I tillegg til undervisninga i regi av met.no, krev forskrifta at observatørane gjennomgår minimum 3 veker med opplæring på observasjons staden.)

Grunnleggande opplæring - teoretisk del:

Den teoretiske delen av kurset skal ha hovudfokus på:

- Grunnleggande meteorologi.
- Farlege verfenomen.
- Meteorologiske kodar og reglar for luftfarten (METAR /SPECI m.m.)
- Motivera observatøren til å forstå viktigheita av gode observasjonar, og gje kunnskap om verobservasjonars betydning for flysikkerhet.
- Tolking og formidling av meteorologiske produkt.
- Skyforståing.
- Viktigheita av rett QNH.

Grunnleggande opplæring - praktisk del:

Den praktiske delen av kurset skal ha hovudfokus på:

- Få trening i å laga METAR/SPECI etter dei reglar som finns og i det aktuelle veret som er på staden.
- Observasjonstreninga skal ha særleg vekt på å vurdere sikt, verfenomen, skytype og skyhøgder.
- Gjera seg kjent med instrument og målarar. Bruken av desse, avgrensingar og feilkjelder.
- Motivera til å forstå viktigheita av gode og nøyaktige observasjonar.
- Læra seg å verta nøyaktig observatør. ("Sjekka og sjekka på nytt").

- Øva på å observera i mørke, og i mot hav med dårlege referansepunkt.

Praktisk del vert gjennomført på Andøya (eller ein annan høvande stad der ein kan observera mot hav).

Her vil ein dela opp elevane i grupper. Maksimalt to stk. gjer observasjonar, og dei andre gjer gruppearbeid og andre oppgåver relatert til praktisk bruk av dei meteorologiske kodane.

I samband med den praktiske delen nyttar ein eit sjekklitesystem der ein kryssar av kva emne som eleven har vore med på.

Periodisk fagleg oppdatering (PFO)

PFO er eit oppfriskningskurs med hovudvekt på fagleg oppdatering, nye kodar/reglar og internasjonale retningslinjer. Kurset er på 7 timer; utan eksamen og har både praktisk og teoretisk del.

Fornyng av rettar.

Forskrift om flyvertenesta krev at, dersom ein observatør har vore borte i frå tenesta i meir enn 2 år; skal det gjennomførast ny grunnleggande opplæing.

Forskriftene krev også at, i vanleg teneste skal det gjennomførast PFO årleg. Også viss observatøren har vore borte ifrå teneste meir enn 6 månader, skal det gjennomførast PFO.